
Saksnr: 2020/37400-2
Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Kjersti Sognnes, Heidi Bjønnes
Dato: Larsen, Kaia Wøien
Nicolaisen
14.12.2020

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næring

Rapportering – Handlingsplan for landbruk 2020

Status –nytt fylke og nye oppgåver innan landbruk

Frå 2020 har Vestland fylkeskommune fått eit større ansvar innan landbruk og mat, gjennom å skulle ta ei tydeligare koordinerende rolle og gjennom at vi har fått ansvar for fleire verkemiddel. I februarmøtet vedtok hovudutvalet '[Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020](#)'. I dette notatet gjer vi ei enkel evaluering knytt til satsingane og går gjennom korleis dei økonomiske verkemidla blei nytta i 2020. Vi ser også litt på korleis det første med eit forsterka ansvar har vore.

Handlingsplan for landbruk konkretiserer strategiske føringar og prioriteringar for arbeidet til Vestland fylkeskommune i 2020. Dokumentet blei utarbeida i samarbeid med partnerskapen, og gav retning for dei viktigaste områda innan landbruk som den regionale partnerskapen skulle løfte saman i 2020.

Vi fekk overført noko ressursar frå staten knytt til dei nye oppgåvene, men desse dekker ikkje det reelle behovet for arbeidsinnsats. Vi har jobba for å påverke desse rammene.

I lys av den nye rolla til fylkeskommunen har vi lagt vekt på å koordinere partnerskapen til samla innsats. Vi har etablert eit godt samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland , Innovasjon Norge og faglagga. Det er etablert faste møtepunkt og vi jobbar med å nytte felles digitale verkøy for å samordne arbeidet. Dei mest omfattande sakene som har vore lagt fram for landbrukspartnerskapen i 2020 er innspel til jordbruksforhandlingane, prioriteringar knytt til investering og bedriftsutviklingsmidlane, og vurdering av søknader om regionale tilretteleggingsmidlar og rekrutterings- og kompetansemidlar. Vi har også hatt fleire møte for å oppdatere kvarandre på utfordringane som koronapandemien har gitt landbruksnæringa.

Vi ser at korona har påverka aktiviteten i partnerskapen, då vi ikkje har fått gjennomført alle aktivitetane vi planla og det aller meste av samhandling har gått digitalt. Smittesituasjonen gjennom året har sjølvstapt også påverka næringa, kommunane og verkemiddelapparatet elles i fylket.

Våren 2020 skulle partnerskapen ut for å møte kommunane og drøfte næringsutvikling i landbruket i Vestland etter regionreforma. Desse møta vart utsett og i staden vart to digitale møter for landbrukskontora i kommunane, nesten alle kommunane i Vestland deltok. Hausten 2020 var det, i samarbeid med fylkesmannen og Innovasjon Norge, planlagt landbrukskonferanse for Vestland. Denne måtte utsetjast til hausten 2021.

Status - Handlingsplan for landbruk 2020

Vi definerte fire hovudstrategiar for den næringsretta landbrukssatsinga Vestland 2020;

- Hovudproduksjonar
- Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling
- Klima, miljø og teknologisk utvikling
- Omdøme, rekruttering og kompetanseheving

Vi går kort gjennom kvart punkt utan at det er ei evaluering som omfattar alle aspekt ved satsingane.

Hovudproduksjonar

Det årlege innspelet til jordbruksforhandlingane er eit viktig arbeid for å påverke nasjonal politikktutforming og rammevilkåra for landbruket. I 2020 blei det forenkla jordbruksforhandlingar på grunn av korona, og oppgjeret i 2021 bli særskilt viktig.

Vestland er eit grasfylke og mjølk er den berande produksjonen i fylket. Innan 2034 må alle mjølkekyr vere i fjøs med lausdrift. Per i dag er 70 prosent av mjølkebruka i Vestland båsfjøs. Gjennom mellom anna Storfeprosjektet jobbar partnerskapen for å bidra til overgang frå båsfjøs til lausdriftsfjøs. Norsk Landbruksrådgiving har fått støtte til ei satsing som heiter Utmarksbassert kjøtproduksjon. Mål med prosjektet er å støtte opp om produksjon av kjøt frå sau og storfe.

Vestland fylkeskommune gir føringar for Investerings- og bedriftsutviklingsmidlane (IBU) som Innovasjon Norge forvaltar. Desse midlane er sentrale for å legge om til lausdrift og vidareføre mjølkeproduksjon i Vestland også etter 2034. I 2020 vart investeringar knytt til overgang frå båsfjøs til lausdrift høgt prioritert.

For året 2020 var det sett av ei nasjonal IBU-ramme på 65 millionar kr til satsingar innan frukt, bær og grønt. Prosjekt i Vestland har henta ut heile 17,7 millionar av den nasjonale ramma. Resultatet er godt over det som var sett som mål, og det har lagt eit godt grunnlag for at Vestland skal halde posisjonen sin som leiande i landet innan frukt og bær. I tillegg er det brukt 3 millionar av fylket si IBU-ramme til desse næringane. Arbeidet med å stimulere til vidare vekst vil halde fram også i 2021.

Når det gjeld foredling og bruk av tre har hovudinnsatsen vore forvaltning av midlar og samarbeid med dei andre fylka for å finne gode løysingar for Kystskogmidlane. Ei viktig oppgåve framover vil bli arbeidet med rullering av Melding og Kystskogbruket, og at dette arbeidet også skal vere relevant for Vestland. Vi må også jobbe for større grad av samordning og nettverk med andre aktørar både internt i fylket og mellom fylka.

Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Landbruket er ein næring som har som si viktigaste oppgåve er å produsere mat. Aktiviteten gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skaper flotte kulturlandskap og bidreg til busetnad over heile landet. Landbruket er viktig for lokalsamfunnet og gode lokalsamfunn er viktige for at folk skal busetje seg i distrikta våre og skape næringsaktivitet. LivOGLyst er eit program der innbyggjarane gjennom eigeninnsats og ved hjelp av tilgang på kompetanse, nettverk og pengar, får hjelp til å utvikle gode lokalsamfunn. Programmet har vore eit tilbod i Hordaland i mange år, i 2020 blei programmet utvida til heile Vestland.

I 2020 tok fylkeskommunen over oppdragsgjeveransvar for kompetansenettverket i Vest-Norge. Kompetansenettverket i Vest-Norge tilbyr matfagleg kompetanse til bedrifter med inntil 10 tilsette. Sogn Jord og Hagebruksskule er vertskap. Vestland fylkeskommune har frå 2020 leia styringsgruppa og utarbeida oppdragsbrev og handlingsplan for arbeidet.

Lokalmatprodusentar og restaurantar har kjent på dei negative økonomiske konsekvensane av pandemien. Vestland fylkeskommune har i 2020 støtta prosjekt som kan bøte på dei negative konsekvensane. Et prosjekt har nytta den ledige kapasiteten til kokkar til produktutvikling hos

lokalmatprodusentar. Kokkane har besøkt garden til lokal matprodusentane og saman har dei utvikla nye produkt og menyar.

Den største drivaren for reiser til Vestland er naturbaserte opplevingar. Den beste måten å auke verdiskapinga knytt til eit besøk, er om gjesten blir lengre og kjøper fleire tenester. Det ligg eit uforløyst potensiale i å utvikle attraktive opplevingar av høg kvalitet innanfor segmenta mat og kultur som får gjesten til å utvide opphaldet og kjøpe fleire opplevingar. I Vestland fylke er det stor prosjektaktivitet på matfeltet, men det manglar ei samla retning for alle desse initiativa. Vestland fylkeskommune riggar nå eit forprosjektet som skal kople mat, kultur og reiseliv og legge grunnlag for eit arbeid med matidentitet for Vestland.

Klima, miljø og teknologisk utvikling

Hovudutvalet var opptekne av klima, miljø og berekraft under handsaming av Handlingsplan for landbruk. Berekraft er høgt på dagsorden i mykje av arbeidet som blir gjort innan landbruksområdet. Mange av prosjekta som har fått støtte frå regionale tilretteleggings- og kompetansmidlar, bidreg til auka berekraft i landbruket gjennom å bygge kunnskap og setje i verk tiltak som har positive effektar på klima og miljø. Innan husdyrhaldet er prosjekt som arbeider for å betre dyrehelsa, auke bruk av beite, heve avlingsnivået og tilpasse klimarådgevinga til kvar enkelt gard, døme på dette. Innan planteproduksjonen har prosjekt som arbeider for å utvikle og auke produksjon av frukt, bær og grønsaker både gjennom profesjonelt- og bylandbruk, fått støtte. Mange av prosjekta som har fått støtte, har lagt opp til kurs som heilt eller delvis er digitale.

Hausten 2020 fekk landbruket støtte til eit forprosjekt med redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket som tema. Forprosjektet skal munne ut i eit tilråding om på kva måte det er mest føremålstenleg å jobbe på framover, for å redusere klimaavtrykket frå jordbruket i fylket.

Vestland fylkeskommune gav administrativ uttale til Klimakur 2030. Uttalen vart lagt fram for fylkesutvalet i april.

Omdøme, rekruttering og kompetanseheving

I 2020 hadde vi ambisjon om å starte opp eit prosjekt med mål om å bygge positivt omdømme for landbruksnæringa. Tanken var god, men ambisjonen om eit eige prosjekt litt for stor. Komande år ynskjer me i samarbeid med partnerskapen, å syne fram dei gode døma og det positive som skjer i næringa i dei kanalane me har tilgang til. Dette trur vi er viktig for å bygge omdømme, skape stoltheit og legge grunnlag for rekruttering.

Vaksenagronom og vaksengartnar er viktig kompetansetilbod for dei som tar over ein gard i vaksen alder. I Vestland har vi til saman seks klassar. Mo og Øyrane har Vg2 og Vg3 vaksenagronom. Stend har Vg2 og Vg3 vaksenagronom. Voss vidaregåandeskule har Vg2 og Vg3 vaksengartnar. Fylkeskommunen har sendt søknad til Landbruks- og matdepartementet for å sikre statleg finansiering av tilbodet.

Naturbrukskulane og faglaga i dei gamle fylka har gjort mykje godt arbeid for å informere ungdom om moglegheitene som ligg i grøn utdanning og rekruttere ungdom til naturbruk. Våren 2020 vart det starta eit forprosjekt for å styrke rekrutteringsarbeidet i heile fylket ytterlegare. Tanken er at rekrutteringsarbeidet vil bli betre ved at alle dei involverte jobbar i lag og deler erfaringar. Dei som deltek er naturbrukskulane knytt til grøn utdanning, faglaga, fylkeskommune og fylkesmannen. Prosjektet testa ut felles stand på Bergen matfestival i august 2020. Elevar frå alle kulane stod på stand. Elevane gjorde ein strålende innsats for å marknadsføre naturbruk og kulane deira. Standen fekk besøk av både fylkesvaraordførar og Statsministeren. Forprosjektet har også gjennomført ei undersøking blant elevar som går på naturbruk for å få innsikt i kva som gjorde at dei valde naturbruk og få gode innspel til bodskap som kan brukast for å rekruttere ungdom som ikkje kjenner naturbruk så godt. Neste arrangement er naturbruksskulane si veke som skal vere i første veka i februar 2021. Alt arbeidet som er gjort i forprosjektet skal legge grunnlag for ei treårig satsing på rekruttering til naturbruk.

Oppsummert – overordna mål

Områda lista i Handlingsplan for landbruk vi skulle løfte i 2020 for å styrkje Vestlandslandbruket	Status
--	--------

Auke produksjonen på lokale ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Føringer på IBU midlar
Meir og betre grovfôrforproduksjon og bruk av lokale beiteressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Føringer på IBU midlar
Støtte opp om mjølk som berande produksjon	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Medlem i styringsgruppa til Storfeprosjektet • Føringer på IBU midlar • Fagskuletilbod på mjølkeproduksjon er starta opp
Vestland skal vere førande i landet på frukt og bær	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt. • Deltok i arbeidet til Programstyret for frukt og bær • Følgd opp større tilskot gitt til utvikling av kunnskapsmiljøet på Njøs og etablering av ein felles infrastruktur (pakkeri) for frukt- og grøntnæringa lokalisert på Håbakken i Lærdal
Leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for lokalt trevirke	<ul style="list-style-type: none"> • Prioritert i utlysing av RT-midlar • Støtta relevante prosjekt • Støtta pågåande tredrivarprosjekt i Vestland og innleia eit tettare samarbeid med fylkesmannen og Innovasjon Norge. • Føringer på IBU midlar • Delteke som observatør i Skognæringsforum Vestland • Innleia eit tettare samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket
Samordne innsatsen i fylket for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid i partnerskapen • Føringer på IBU midlar • To digitale dialogmøter for kommunane om næringsutvikling i landbruket
Vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkeskommunen gjev årleg innspel til jordbruksforhandlingane • Oppdragsbrev til Innovasjon Norge med føringer for IBU-midlane. • Sendt brev til LMD med oppmoding om å auke ramma for investeringsmidlar for 2020
Auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng	<ul style="list-style-type: none"> • Starta arbeidet med eit forprosjekt for auka verdiskaping i krysspunktet mat, kultur og reiseliv • Leiar styringsgruppa for Kompetansenettverket i Vest-Norge • Partnerskapsavtale med Matarena AS • Samarbeid med Bergen kommune om deira medlemskap som gastronomiby i UNESCO sitt nettverk for kreative byar • Møter for fylkeskommunane i Styringsgruppa for utviklingsprogrammet - landbruks- og reinbasert vekst og verdiskaping • Bidrege til søknad om fagskuletilbod i ysting
Legge til rette for auka bruk av FoU og ny teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid i partnerskapen • Bidrege til å sende relevante prosjektsøkarar til Regionalt forskingsfond • Fylkeskommunen er avtalepart og deltakar i prosjektet Grassrobotics
Legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø og klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Samarbeid i partnerskapen

	<ul style="list-style-type: none"> • Vestland fylkeskommune, med landbruk som område, er ein del av SFI Climate Futures • Bidrege til å forsøke å etablere Biogass -og gjødselforum Vestland • Bidrege i arbeidet fram mot biogasstrategi for Vestland
Sikre og utvikle jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon gjennom god og effektiv arealbruk og eit sterkt jordvern	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Delteke i planforum • Vil bli klargjort ytterlegare framover gjennom ny regional plan for innovasjon og næring, samt arbeid med kunnskapsgrunnlag for regional plan for arealbruk for neste planperiode
Betre rekrutteringa og omdømet til landbruket	<ul style="list-style-type: none"> • Støtta relevante prosjekt • Fylkeskommunen har tatt initiativ til og koordinerer eit forprosjekt for å auke rekrutteringa til naturbruk • Søkt og fått finansiering til vaksenagronom på Stend og Mo og Øyrane vidaregåande skular, og til vaksengartnar på Voss vidaregåande skule • Arbeid med omdøme er omdefinert i handlingsplan for 2021

Økonomiske verkemiddel

Fylkesrådmannen fekk fullmakter til å tildele midlar innan fleire område då hovudutvalet handsama handlingsplanen i februar 2020. Vi rapporterte status på arbeidet i august 2020, og oversynet er no oppdatert med aktiviteten ut året.

Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket

Sak om føringar for Investering og bedriftsutvikling midlar (IBU) vart lagt fram for hovudutvalet i februar 2020. Innovasjon Norge bad om ei mindre omprioritering mellom produksjonane. Sak om omdisponering av IBU-midlane vart lagt fram for hovudutvalet i mai. Grunna stor investeringsvilje i landbruket i Vestland 2020, var IBU-midlane for Vestland brukt innan mai. Fylkeskommunen ved fylkesordførar, har sendt brev til LMD med oppmoding om å tilføre meir midlar til investeringar i landbruket. Landbruks- og matministeren har svart at ho merkar seg innspelet og tek det med seg inn i neste runde med jordbruksforhandlingar.

Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket

Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. Utlysingsteksten for regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket var utforma i tråd med handlingsplanen. Det var søknadsfrist 15. april og 1. oktober.

Det er handsama 49 søknader til ein samla søknadssum på vel 12 millionar. Det er gitt tilskot til prosjekt for 6 mill. kr. Restsummen vert overført til neste søknadsrunde. Tildelinga er drøfta med landbrukspartnarskapen. Oversikt over tildelingar for regionale tilretteleggingsmidlar 2020, prosjektvurderingar og prosjektomtale er lagt ved i saka.

Rekruttering og kompetanse i landbruket

Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. Utlysingsteksten for rekrutterings og kompetanse i landbruket var utforma i tråd med handlingsplanen. Det var søknadsfrist 15. april og 1. oktober.

Det er handsama 32 søknader til ein samla søknadssum på knappe 5 millionar. Det er gitt tilskot til prosjekt for vel 1,94 mill. kr. Restsummen vert overført til neste søknadsrunde. Tildelinga er drøfta med landbrukspartnarskapen. Oversikt over tildelingar for rekruttering og kompetanseheving 2020, prosjektvurderingar og prosjekt omtale er lagt ved i saka.

Kompetansenettverk i Vest Norge

Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å tildele 2 400 000 kr til Kompetansenettverk i Vest Norge. Frå 1. januar 2020 fekk Vestland fylkeskommune oppdragsgjevar ansvar for Kompetansenettverket i Vest-Norge. Kompetansenettverket i Vest-Norge dekkjer Vestland fylke. Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga. Sogn Jord- og Hagebruksskule driftar Kompetansenettverket i Vest-Norge. Vestland fylkeskommune har vidareført styringsgruppa og har gått inn som leiar av styringsgruppa. Styringsgruppa har laga ein handlingsplan for 2020. Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Kompetansenettverk i Vest Norge og handlingsplan for 2020 er lagt ved i saka.

Kystskogbruket, arbeid med skog og bruk av tre

Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å tildele 1 380 000 kr sett av til prosjektmidlar innan Kystskogbruket. Midlane er tildelt i samarbeid med dei andre fylka som er medlemmar i Kystskogbruket. Det blei lagt fram ei eiga orientering om dette i hovudutvalet sitt møte i juni. Vi har fått eit tettare samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket og med Skognæringsforum i Vestland. Dette samarbeidet vil vi styrkje i tida som kjem, også gjennom arbeidet med rullering av Melding om kystskogbruket.

Vi har også møtepunkt med Fylkesmannen og Innovasjon Norge om bruk av tre. Dette er også noko vi vil jobbe meir med framover.

Andre tilskot til landbruk

Landbruksprosjekt kan også få støtte frå andre fylkeskommunale ordningar. I 2020 fekk mellom anna Matarena støtte til vidareutvikling av kompetansenettverk for lokalmatprodusentar og Bergen Matfestival, det blei gitt støtte til fleire sidersøknadar og hovudutvalet sette av midlar til rullering av Melding om Kystskogbruket, og deltaking i fylkeskommunalt oppfølgingsprogram.

Prosjektet Kartlegging av skade og utprøving av tiltak mot raud og svart rotråte i bringebær blei rettleia vidare til forskingsmidlar og fekk der innvilga støtte.

Oppsummering

Året som ny fylkeskommune starta med å utarbeide styringsdokument og få på plass struktur for utlysing, søknadshandsaming og utbetaling. Fylkeskommunen har fått overført prosjekt til ein verdi av elleve millionar frå Fylkesmannen i Vestland. Det var også viktig å få på plass gode rammer for samarbeid i partnerskapen. Når dei overordna strukturane var på plass starta vi å jobbe meir tematisk. Vi har fått til ein god del saman med partnerskapen, og ein del område må vi jobbe vidare med. Landbruk er ei særskild viktig næring for Vestland også i framtid og ambisjonsnivået bør vere høgt.

Arbeidet er blitt påverka av covid-19 pandemien. Vi ser at prosjekt vi har støtta blir forsinka, og ein del søknader vi naturleg ville fått inn ikkje kjem på grunn av smittesituasjonen då det har vore lite arrangement. Vi ønskjer også å arbeide tettare opp mot kommunane.

Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over tildelingar for regionale tilretteleggingsmidlar våren 2020

Vedlegg 2: Prosjektvurderingar og prosjektomtale for regionale tilretteleggingsmidlar våren 2020

Vedlegg 3: Oversikt over tildelingar for rekruttering og kompetanseheving våren 2020

Vedlegg 4: Prosjektvurderingar og prosjekt omtale for rekruttering og kompetanseheving våren 2020

Vedlegg 5: Oversikt over tildelingar for regionale tilretteleggingsmidlar haust 2020

Vedlegg 6: Prosjektvurderingar og prosjektomtale for regionale tilretteleggingsmidlar haust 2020

Vedlegg 7: Oversikt over tildelingar for rekruttering og kompetanseheving haust 2020

Vedlegg 8: Prosjektvurderingar og prosjekt omtale for rekruttering og kompetanseheving haust 2020

Vedlegg 9: Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Kompetansenettverk i Vest Norge

Vedlegg 10: Handlingsplan for Kompetansenettverk i Vest-Norge 2020

Vedlegg som ikkje er knytt til saka
[Handlingsplan for landbruk 2020](#)
[Orientering - Kystskogmidlar 2020](#)